

## Kvifor øydeleggja fuglereir?

24.05.2009



Tre ungar vart liggjande hjelpelause. (Foto: Torfinn Myklebust)

**Skjor er skjor og ikkje noko meir kan det verta sagt. Likevel var det folk som reagerte på at eit skjoreireir ved huset til Uskedal Båtlag, midt i auga til dei som ferdast der, vart øydelagt slik at tre uskuldige skjoreungar datt ned.**



Reiret vart øydelagt. (Foto: Torfinn Myklebust)

Dei var i live, men hjelpelause, i nokre timar og kroa seg ved sandkassen til dei etter kvart dauda og vart tekne av andre dyr. Berre ein daud unge låg att i går. Skjoremora flaug rundt og kunne ikkje gjera noko.





Ein av ungene låg att. (Foto: Torfinn Myklebust)

Det betyr vel ikkje allverda om det er tre skjorungar mindre, men likevel var det unødvendig å riva botn utav eit reir slik at ungene datt ut.

Folk har hatt glede av å sjå skjora byggja reiret i treet, og tykkjer ikkje det var eit stort karstykke av dei som gjorde dette.

t-